

DELEGASJONSREGLEMENT FOR ÅSERAL KOMMUNE



INNHALD

KAP. 1	OMFANG, GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE.....	3
1.1	OMFANG	3
1.2	GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE	3
KAP. 2	DELEGASJON TIL DEI ENKELTE UTVALA.....	5
2.1	KOMMUNALUTVALET	5
2.3	HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR	7
2.5	KLIENTUTVALET	8
2.6	HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING.....	9
2.7	KONTROLLUTVALET	10
KAP. 3	DELEGASJON TIL ADMINISTRASJONEN.....	11
3.1	DELEGASJON TIL RÅDMANNEN:.....	11
3.2	DELEGASJON TIL RÅDMANNEN I MEDHALD AV SÆRLEGE LOVFØRESEGNER	12



Kap. 1 OMFANG, GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

1.1 OMFANG

Reglementet inneheld fullmakter som er delegert frå kommunestyret til andre politiske utval og til rådmannen. Fullmakter innan økonomiforvaltninga er samla i økonomireglementet.

1.2 GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

1. Kommunestyret har i utgangspunktet alt ansvar og all mynde i Åseral kommune.

Dette følgjer av kommunelova § 6:

"Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organ. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak."

2. All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, føresegner og retningsliner gjeve av overordna organ, og innanfor budsjettammene og føresetnadene
3. Det delegerande organ kan om ønskeleg fastsette retningsliner for korleis delegert mynde skal utøvast

4. Organ som får oppgåver/ansvar gjennom delegasjon har høve til å delegere vidare til underordna organ, med mindre det utrykkeleg er sagt noko anna

På enkelte sentrale, prinsipielt viktige områder er det ikkje høve for kommunestyret å gje vedtaksmynde til andre underliggjande organ. Dette er omtala i loven ved formuleringa "Kommunestyret kan/skal sjølv"

I alle andre høve kan ansvar og oppgåver vidaredelegerast. Det skal i prinsippet vere samsvar mellom delegert ansvar og delegert mynde

5. Eit overordna organ kan, som hovudregel, krevja å få seg førelagt ei sak som eit underordna organ etter delegert mynde har til handsaming



6. Tildelte fullmakter kan på eit kvart tidspunkt trekkast attende. Eit organ som har delegert mynde i enkeltsaker til eit underordna organ, har ikkje fråskrive seg mynde på saksområdet
7. Overordna skal til ei kvar tid vurdere om gjevne vidaredelegasjonar innanfor sitt ansvarsområde er forsvarlege. Eit organ som har delegert mynde i enkeltsaker til eit underordna organ har ikkje fråskrive seg ansvaret innanfor saksområdet. Overordna organ skal forsikre seg om at underordna organ har kompetanse til å ivareta ansvaret på ein forsvarleg måte
8. Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med § 35 i fvl.
9. Den som har fått delegert mynde kan overlate til det overordna organet å ta avgjersle i særskilde saker
10. Delegering frå politisk nivå skal gå til rådmannen.
Dette følgjer av Kommuneloven § 23 nr.4:
"Kommunalt eller fylkeskommunal folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet."
11. Rådmannen er ansvarleg for vurdering og iverksetjing av vidaredelegering i administrasjonen etter prinsippa i delegasjonsreglementet.
Med mindre særskilde føresegner er til hinder, kan rådmannen overlate til andre innan sin administrasjon å fatte avgjersler på sine vegne (intern delegasjon)
12. Delegasjonsreglementet skal vere eit virkemiddel til å skilje politikk frå administrasjon og bidra til ein rask saksgang
13. Ein føresetnad for å kunne ha eit godt delegasjonsreglement er at ein utviklar dette i takt med dei endringar som finn stad som følgje av sentrale og lokale prioriteringar, samt lokale tilpassingar av organisasjonen.
Rådmannen er ansvarleg for å legge fram ajourført delegasjonsreglement 1 gong i valperioden. Rettingar og korreksjonar vil skje samla etter vedtak i kommunestyret

Kap. 2 DELEGASJON TIL DEI ENKELTE UTVALA

2.1 KOMMUNALUTVALET

VAL OG SAMANSETTING

Kommunalutvalet har 5 faste medlemmar. Desse skal veljast av og blant kommunestyremedlemmane. Ordførar og varaordførar er faste medlemmar. Andre medlemmar vert valt etter reglane i Kl. § 8 nr. 2.

Når kommunalutvalet handsamar saker som administrasjonsutval, har utvalet to arbeidstakarrepresentantar i tillegg til dei politisk valte representantane.

SÆRSKILDE FUNKSJONAR

Formannskap, økonomisaker

Kommunalutvalet er formannskap etter Kl. § 8 nr. 1. Kommunalutvalet skal handsame og gje innstilling i dei saker som går fram av Kl. § 8 nr. 3 (økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak).

Hovudutvala har vedtaksmynde innanfor tildelte budsjetttrammer. Saker som går utover budsjetttrammene skal handsamast av kommunalutvalet. Kommunalutvalet si vedtaksmynde i økonomisaker går fram av økonomireglementet.

Økonomiplan og årsbudsjett blir handsama slik det går fram av Kl. §§ 44 nr. 4 og 45 nr. 3. Rådmannen sitt budsjettforslag er offentleg frå det blir lagt fram for kommunalutvalet.

Plansaker

Kommunalutvalet handsamar saker etter pbl kap. 11 med mindre anna er fastsett i loven. Utvalet fastset planprogram etter § 11-13 i pbl.

Forskrift for motorkjøretøyer i utmark etc.

Avgjerd etter § 6 er delegert til kommunalutvalet.

Klagenemnd

Kommunalutvalet er klagenemnd etter Fvl. § 28. Utvalet handsamar klager på enkeltvedtak gjort av andre politiske organ, med unnatak for vedtak etter lover med egne klageordningar.

Når kommunalutvalet fattar enkeltvedtak er kommunestyret klageorgan etter fvl. § 28.

Ved handsaming av klagesaker i kommunestyret er medlemmane i kommunalutvalet ugilde dersom kommunalutvalet tidlegare har gjort vedtak eller gjeve innstilling i saka (jfr. Kl. § 40 nr. 3, pkt. c).



Hasteutval

Kommunalutvalet har mynde til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette. Melding om hastevedtak skal føreleggast aktuelt organ i organet sitt neste møte (jfr. kl. § 13).

Interkommunale saker

Kommunalutvalet koordinerer og samordnar interkommunale saker. Utvalet handsamar interkommunale saker i den innleiande fasen. Når sakene blir konsise nok blir sakene fordelt til aktuell avdeling/utval.

Overordna miljøutval

Kommunalutvalet er overordna miljøutval. Utvalet har det overordna og heilskaplege ansvaret for kommunen sin miljøpolitikk. Miljøsaker av sektorovergripande karakter skal handsamast av kommunalutvalet. Elles har kvart hovudutval miljøansvar innanfor sitt område.

Administrasjonsutval

Kommunalutvalet, supplert med arbeidstakarrepresentantar, er administrasjonsutval etter Kl. § 25 og Hovudavtalen § 4, del B.

Utvalet handsamar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

For utvalet gjeld følgjande:

a) Saker der administrasjonsutvalet har avgjerdsmynde

Administrasjonsutvalet avgjer alle personalsaker som ikkje er lagt til andre politiske utval eller til administrasjonen.

b) Saker der administrasjonsutvalet har uttalerett

Administrasjonsutvalet har uttalerett i følgjande saker :

1. Ved tilsetjing av administrasjonssjef og kommunalsjefar
2. Ved oppseiing av administrasjonssjef og kommunalsjefar
3. Framlegg til reglement som vedkjem personale
4. Nye organisasjonsplanar

c) Arbeidstakarrepresentantane sin kompetanse og habilitet

Dei tilsette sine representantar er medlemmar av utvalet med same rettar og plikter som dei politisk valde.

Dei tilsette sine representantar kan likevel ikkje veljast til, eller ta del i forhandlingar kor arbeidstakarorganisasjonane er involvert.

Likestillingsutval

Åseral kommune har eige likestillingsutval. Utvalet har 5 medlemmer; ein politiskar, ein tillitsvald, Kommunalsjef for oppvekst og levekår, Folkehelsekoordinator og Personal- og organisasjonsleiar.

Likestillingsutvalet og handsamar spørsmål som gjeld likestilling.



Andre delegasjonar og oppgåver:

Kommunalutvalet handsamar saker som ikkje naturleg høyrer heime i eit av hovudutvala og som det ikkje er naturleg at blir lagt fram for kommunestyret.

Kommunalutvalet forvaltar kommunale næringsområde inkludert tildeling av tomter.

Kommunalutvalet har mynde til å ivareta kommunen sine oppgåver etter Serveringsloven av 13. juni 1997.

Kommunalutvalet har ansvaret for kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk og dei oppgåver som har tilknytning til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

2.2 FORHANDLINGSUTVAL, fast eigedom

Forhandlingsutvalet forhandlar om kjøp og sal og anna knytt til fast eigedom. Samansetjing: ordførar, varaordførar og rådmann.

Forhandlingsutvalet har mynde til å inngå avtalar om kjøp og sal av grunn/rettar når dette er i tråd med «Retningsliner for erverv av grunn/rettar». Det gjeld òg ved investeringsprosjekt når grunnlaget for erverv er vedteke av kommunestyret.

2.3 HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR

Hovudutval for oppvekst og levekår har 5 medlemmer oppnemnd av kommunestyret.

Hovudutvalet har som arbeidsområde dei oppvekst-, helse- sosial, skule og barnehagar som kommunen skal handsame. Herunder:

- Lov av 17.07.1998 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Lov av 17.06.2005 om barnehagar (barnehageloven)
- Lov av 24.06.2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgstjenesteloven)
- Lov av 18.12.2009 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)
- Lov av 05.08.1994 om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)
- Lov av 23.06.2000 om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven)
- Lov av 02.07.1999 om pasient- og brukarrettigheter (pasient- og brukarrettighetsloven)

Delegasjon til hovudutvalet i medhald av kommunelova:

Hovudutval for oppvekst og levekår kan fatte vedtak innanfor dei rammer og etter dei retningsliner som er fastsett av kommunestyret, m.a:



- Forvalte midlar løyva til skule, barnehage, helse og sosiale føremål innafor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjettet
- Andre saker kommunestyret måtte delegere til utvalet
- Utpeika kommunen sin representant i samarbeidsutvalet

Hovudutval for oppvekst og levekår fattar vedtak på følgjande saksområder:

- saker som gjeld grunnskulen og saker etter Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998, samt klagesakar på administrative enkeltvedtak.
- Saker som gjeld barnehagar og Lov om barnehagar av 17. juni 2016 nr. 64, herunder godkjenne barnehagar etter lovas § 10 og klagesaker på administrative enkeltvedtak.
-

Utvalet kan elles uttale seg om saker som har innverknad for levekår, skule og barnehage

2.4 KLIENTUTVALET

Klientutvalet har ansvaret for alle klientsaker etter sosialtjenesteloven, helse- og omsorgstjenesteloven og andre liknande klientsaker der avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre.

Klientutvalet har ansvaret for alle klagesaker i klientsaker etter sosialtjenesteloven, helse- og omsorgstjenesteloven og andre liknande klientsaker der avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre.

Utvalet er delegert mynde innan følgjande saker:

Lov om kommunale helsetenester kap. 3:

Omsorgstenester etter § 3-2, jfr pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.

Klagesaker på administrative enkeltvedtak der Fylkesmannen er klageinstans

Lov om kommunale helsetenester kap. 10 (tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige):

Gje uttale i saker der Fylkesnemnda har vedtakskompetanse

Lov om kommunale helsetenester § 11-2 (vederlag for helse- og omsorgstjenester):

. Klage på administrative enkeltvedtak der Fylkesmannen er klageinstans

Sosialtjenesteloven kap. 4 (individuelle tjenester):

Klage på administrative enkeltvedtak der Fylkesmannen er klageinstans



Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a, andre ledd, (rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester) og § 2-1 c (pasientrettigheter i fastlegeordningen):

Klage på avgjerder der Fylkesmannen er klageinstans

2.5 HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Hovudtvalet har ansvar og mynde innafor saker som vedkjem næringslivet og naturressursane i primærnæringa, kommunaltekniske saker som t.d. bustadbygging, energi, samferdsle, vatn og avløp, renovasjon, oppmåling, kartverk og vegar med mindre det er delegert til kommunalutvalet, forhandlingsutvalet eller rådmannen. Utvalet kan ta opp saker det finn føremålstenleg innanfor sitt saksområde.

Hovudutvalet kan vedta mindre reguleringsplanar i samsvar med kommunelova sine reglar når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn fire år sidan den vart vedteken av kommunestyret. Utvalet kan og treffe vedtak om mindre endring av reguleringsplanar etter pbl. § 12-14 andre ledd.

Hovudutvalet fastsett planprogram i dei tilfella der det skal utarbeidast konsekvensutgreiing etter § 12-9 i pbl.

Delegasjon til hovudutvalet i medhald av kommunelova:

Utvalet kan fatte vedtak innanfor dei rammer og etter dei retningslinjer som er fastsett av kommunestyret, herunder:

- Forvalte midlar løyva til tekniske føremål og næringsføremål (herunder vilt og fisk) innanfor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjettet
- Andre saker kommunestyret måtte delegere til utvalet

Delegasjon til hovudutvalet i medhald av særlege lover, føresegner, retningslinjer m.v.:

- Vera forureiningsmyndigheit og fatta vedtak etter forureiningslova og tilhøyrande føresegner.
- Vera vegstyresmakt etter veglova.
- Vera myndigheit etter vegtrafikklova, i den grad lova gir tilgang til dette.
- Handsama søknader om statstilskot til kjøp og opparbeiding av friareal.
- Vidareføra eksisterande festeforhold for fast eigedom ved nye festekontraktar, der det etter utvalet si meining må sjåast som kurant.

Der avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre organ etter forskrift av 08.12.2003 nr. 1479, har Hovudutvalet mynde i alle saker etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter:

- Konesjonslova i ikkje-kurante saker
- Jordlova i saker med negativ innstilling etter §§ 9 og 12
- Skogbrukslova
- Lov om forpakting
- Viltloven med unntak for skadefelling etter § 35



- Innlandsfiskeloven
- Lov om friluftsliv

Vedtekter for kraftfond, samt utfyllande handsamingsreglar:

Midlar avsett til næringsføremål, skal forvaltast i samsvar med utfyllande handsamingsreglar til vedtekta for kraftfond.

Kommunale tilskot innan jordbruk og skogbruk:

Utvalet er delegert mynde til å forvalte kommunale tilskotsordningar innan landbruk. Midlar løyvde til desse føremåla skal handsamast i samsvar med kommunale tilskotsreglar for landbruket i Åseral.

Utvalet er styre for Åseral Fiskefond og forvaltar det etter nærare gjevne retningsliner.

Utvalet skal vedta overordna retningsliner for hjorteviltforvaltninga.

2.6 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet har 3 medlemmer. Eit av medlemmane skal vere medlem i kommunestyret.

Verksemda i utvalet er regulert i forskrift om kontrollutval i kommunar/fylke av 15. juni 2004.

2.7 ARBEIDSMILJØUTVALET

Samansetjing:

Arbeidsgjevarsida: Rådmannen og dei to kommunalsjefane.

Arbeidstakarsida: Hovudverneombod og to medlemer valt av organisasjonane.

Arbeidsmiljøutvalet skal arbeide for eit forsvarleg arbeidsmiljø i kommunen. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet, og følgje utviklinga i spørsmål som vedkjem tryggleik, helse og velferd for arbeidstakarane.

Utvalet er eit kombinert lovbestemt arbeidsmiljøutval og samarbeidsutval. Oppgåver og mynde er regulert i Hovudavtalen del b, § 6 og Arbeidsmiljølova §§ 7-1 og 7-2.

Funksjonen som fråværsutval er lagt til utvalet.



KAP. 3 DELEGASJON TIL ADMINISTRASJONEN

3.1 DELEGASJON TIL RÅDMANNEN:

1. Rådmannen er øvste leiar for den samla kommunale administrasjon og har full instruksjonsmynde over alle tilsette, jfr. kl. § 23 nr. 1.
Dei politiske utvala kan, innanfor ramma av reglement og retningsliner, delegere ytterlegare avgjerdsmynde til rådmannen.
Rådmannen kan, innanfor ramma av reglement, retningsliner og vedtak, delegere vidare slik avgjerdsmynde internt til administrasjonen
2. Rådmannen avgjer prioriteringa av både dei tenestleige og administrative ressursane.
Rådmannen har fullmakt til å disponere kommunen sine ressursar i samsvar med planar og innanfor dei rammer som kommunestyret vedtek.
3. Rådmannen har m.a. mynde til å treffe avgjerd i :
 - permisjonssøknader regulert i lover/avtaler og lokalt reglement, som ikkje er av prinsipiell karakter
 - andre personalsaker av ikkje prinsipiell karakter
 - bruke personalreglement med unntak av personalpolitiske retningsliner og eventuelt andre reglement av overordna karakter
 - søknad om leige av personalbustad
 - tildeling av einskildtomter i bustadfelt
 - frikjøp av tid for hovudtillitsvalde
 - avgjere kva innkjøpsavtalar kommunen skal inngå
 - tidsavgrensa løyve til omferdshandel
 - Utleige av kontorlokalar (rådhuset)
4. Rådmannen sine fullmakter i budsjettsaker er regulert i økonomireglementet.
5. Rådmannen har høve til å vidaredelegere tilvisingsretten (går fram i oversyn over tilvisingsretten i Åseral kommune - vedlegg til økonomireglementet).
6. Rådmannen gjennomfører og signerer protokoll i samband med lokale lønsforhandlingar.
7. Rådmannen har mynde til all tilsetjing, med unntak av tilsetjing av kommunal- og administrasjonssjef.
8. Rådmannen har mynde til å seie opp arbeidstakarar som er tilsett administrativt.
9. Rådmannen har innstillingsmynde til alle politiske utval, jfr. prinsippet om fullført sakshandsaming.

10. Tidlegare gjevne delegasjonar til administrative ledd blir opprettheldt så langt dei passar, og skal reknast for å vere gjevne til rådmannen og vidaredelegert frå han.

3.2 DELEGASJON TIL RÅDMANNEN I MEDHALD AV SÆRLEGE LOVFØRESEGNER

Lov av 22. mai 1902 nr. 10 alminneleg borgarleg straffelov:

Kommunestyret si mynde til å gjere vedtak etter § 79, 5. ledd om å krevje påtale for straffbare handlingar, vert delegert til rådmannen for alle saker som gjeld innbrot, hæververk og liknande.på kommunal eigedom og elles i saker der omsynet til ettersøkinga krev rask påtale, jfr. § 3-3 nr.1.

Lov om motorisert ferdsel av 10. juni 1977, nr. 82:

Rådmannen har mynde til å avgjere søknader om bruk av motorfartøy etter § 6.

Nasjonal forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag av 15. mai 1988:

Rådmannen har mynde til å avgjere søknader om bruk av snøscooter etter § 5.

Alkoholloven:

Rådmannen har mynde til å tildele sals- og skjenkeløyve med dei avgrensingar som ligg i alkohollova og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker, av 10. februar 1967:

Ved klage etter fvl. på vedtak fatta i medhald av mynde delegert til rådmannen har rådmannen mynde til å stå for 2. gongs underinstanshandsaming i høve til fvl. § 33. Rådmannen kan vidaredelegere denne fullmakta.

Lov om husbanken av 29. mai 2009

Rådmannen har mynde til vidarefordeling av startlån og etableringstilskot frå Husbanken.

Gravferdslova av 07.06.96 § 9:

Rådmannen har mynde til å treffe tiltak i m.h.a. Gravferdslova av 07.06.96 § 9.

Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål, fastsett av landbruksdepartementet 20. desember 1996:

Rådmannen har. mynde til å vurdere kva saker som skal leggjast fram for politisk handsaming.



Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17.07.98:

Rådmannen har delegert avgjerdsmynde i enkeltsakar.

Lov om barnehagar av 17.06.2005:

Rådmannen har delegert avgjerdsmynde i enkeltsaker.

Rådmannen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet etter §18.

Rådmannen skal føre tilsyn etter §16.

Lov av 24.06.2011 om folkehelsearbeid (folkehelselova):

Rådmannen er delegert avgjerdsmynde i følgjande saker etter kap 3 (miljøretta helsevern):

- Handsaming av rutinesaker, sterkt regelbundne saker, herunder uttale til frådelings- og utsleppsaker. Oppfølging/rutinekontrollar av etablerte verksemder

Lov av 24.06.2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgstjenesteloven)

Rådmannen er delegert avgjerdsmynde i enkeltsaker

Lov om vern ved tobakkskader av 9 mars 1973 nr 14:

Rådmannen er delegert mynde til å føre tilsyn etter § 13 (jfr. delegasjon etter folkehelselova kap 3)

Lov av 8. aug. 1994 om vern mot smittsame sjukdommar:

Rådmannen er delegert mynde til å peike ut kommunen sin ansvarlege lege, og denne sin stedfortredar, samt andre naudsynte delegasjonar i samband med denne lova.

Lov av 18.12.2009 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen:

Rådmannen har delegert avgjerdsmynde i enkeltsaker

Forskrift av 15. mai 1994, i medhald av Vegtrafikklovens §§ 5 og 8:

Rådmannen har delegert mynde i enkeltsaker vedkomande parkeringsløyve for rørslehemma.

Forskrift om fosterhjem av 18. desember 2003, i medhald av barnevernloven § 4-22:

Ansvar for tilsyn med barn i fosterheim er delegert til rådmannen og vidaredelegert til rådmannen i vertskommunen for Barnevern Sør. Ansvar er lagt til familiesenteret i Mandal.

Vegloven:

Med heimel i veglovens § 9, 4. ledd vert mynde som vegstyresmakt for kommunale vegar delegert til rådmannen i alle saker av ikkje prinsipiell karakter, med unntak av § 50, 2. ledd.



Vegtrafikkloven:

Med heimel i vegtrafikkloven § 5 og § 21 og 22 i skiltføresegnene vert skiltmynde delegert til rådmannen. Mynde etter § 6, 5. ledd og § 7 vert delegert til rådmannen.

Naboloven:

Rådmannen får fullmakt til å opptre på kommunen sine vegne i nabotilhøve.

Forureiningslova:

I alle saker av kurant karakter etter §§ 22 2. ledd og 26 siste ledd, er delegerte til rådmannen.

Mynde etter forureiningsforskrifta kap. 12 er delegert til rådmannen.

Der kommunen har mynde etter naturmangfoldloven er rådmannen delegert mynde.

Plan- og bygningsloven:

Avgjerdslemynde i saker av ikkje-prinsipiell karakter er delegert rådmannen, så langt lova tillet det jf. § 23 nr. 4 i kommunelova.

Avgjerdsmynde som gjeld dispensasjon frå reguleringsplanar (disposisjonsplanar, bebyggelsesplanar, reguleringsplanar, detaljreguleringar og områdereguleringar) er delegert til rådmannen.

I saker der kommunalutvalet har gitt dispensasjon frå kommuneplan og kommunedelplanar, er rådmannen delegert vidare byggesakshandsaming.

Avgjere tilskot til vatn og avløp og bustader i samsvar med gjeldande reglement.

Jordloven:

Gjeld heile lova med unntak av negativ innstilling etter §§ 9 og 12.

Skogbrukslova:

Rådmannen er gjeve mynde til å ta avgjerd i saker etter skogbrukslova. Vedtak i alle saker om bruk av skogfond, herunder attendebetaling, etter skogbruksloven § 15.

Konsesjonslova:

Rådmannen er gjeve mynde til å ta avgjerd i kurante saker etter konsesjonslova.

Forskrift om nydyrking:

Rådmannen er gjeve mynde til å ta avgjerd i saker etter forskrift om nydyrking.

Forskrift om gjødselplanlegging:

Rådmannen er gjeve mynde til å ta avgjerd i saker etter forskrift om gjødselplanlegging

Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål, fastsett av Landbruksdepartementet 20. desember 1996:

Mynde til å gje byggeløyve i kurante saker.



Viltloven:

Skadefelling etter § 35

Hundeloven

Hastevedtak ved innføring av ekstraordinær bandtvang etter § 6, 2.ledd bokstav f.

3.3 DELEGASJON TIL RÅDMANNEN PÅ IKKJE LOVFESTA OMRÅDE:

OPPTAKSUTVAL FOR BARNEHAGEN

Opptaksutvalet er sett saman av leiinga i barnehagen (kommunalsjef og einingsleiar i barnehage) og helsesyster.

Barnehagestyrar har sekretærfunksjon.

Opptaksutvalet har mynde til avgjere opptak av born, i samsvar med vedtekter for Åseral barnehage.

Rådmannen er delegert avgjerdsmynde i enkeltsaker som ikkje er lagt til klientutvalet, vedkomande tildeling og eventuelt eigenbetaling

Reglement for kommunalt stipend:

Administrasjonen tildeler utdanningsstipend i kurante saker i samsvar med kommunalt reglement.

Med mindre eit saksområde er delegert til eit anna utval er rådmannen delegert ansvar og mynde, så langt det er lov, innafor følgjande område:

- Kommunaltekniske saker
- Saker som vedkjem næringslivet og naturressursane i primærnæringa.
- Saker som vedkjem kommunen som eigedomsforvaltar. Det gjeld òg grensejustering etter matrikkellova.
- Avgjere saker om vatn,- og kloakkavgifter etter føresegnene, inkludert avgjer av søknader om fritak eller reduksjon av nemnde avgifter.
- Avgjere saker om fritak og reduksjon av avgifter for feiing, oppmåling og byggetilsyn
- Avgjere saker om ein bygning er i ein slik stand at renovasjonsavgift skal krevjast inn.

3.4 DELEGASJON TIL RÅDMANN OG ORDFØRAR:

- Utleige av lokale i Åseral Næringshus
- Utleige av kommunen sine lokalar på Austrudmonen, hallen.

Desse utleiga vert administrert av rådmann og ordførar.



Ved fagleg usemje skal dei ulike syn kome fram i saksdokumentet.

